



Sunnfjord
kommune

Overgang heim - barnehage



Langhaugane barnehage

Rammeplanen krev at alle barnehagar skal utarbeide ein plan for overgangar, dette gjeld overgang heim – barnehage, overgangar internt i barnehagen og overgang til skule – SFO.

Dei fleste barn har tilvenning til barnehage i alderen 1-2 år, difor legg planen i stor grad vekt på den tilvenning som skjer i småbarnsavdelingane. I Jølster har deltaking i barnehage vore 100% for barn i alder 1 til 6 år, dei siste 5 åra. Tilpassingar blir gjort i alle grupper når det kjem nye barn til, men det er tilvenning for småbarn som er mest omfattande og difor mest omtala i planen.

Denne delen beskriv korleis Langhaugane barnehage skal arbeide med overgang frå heim til barnehage:

I rammeplanen står:

«Når barnet begynner i barnehagen»

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsløse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.» Rammeplan for barnehagen, 01.08.17»

Planen er utarbeide våren 2017, med brei deltaking. Evaluert og revidert våren 2018.



Til foreldre:

Ingen barn og foreldre er like, eller har same erfaringane med å vere adskilt når barnet tek til i barnehagen. Sett difor av best mulig tid til tilvenning, det er viktig at de har dialog med dei tilsette om kor mykje tid de treng bruke for å trygge barnet.

Vi skal sette av tid til dykk som foreldre. Ver merksame på at vi kjem til å bruke mykje av tida vår når de er i barnehagen til å bli kjent med barnet og ha mykje merksemd retta mot barnet.

Det blir sett av tid til ei grundig opp-startssamtale slik at de kan få prate og komme med utfyllande informasjon om barnet, vi oppmodar dykk om å nytte den samtalen godt og spørje om det er noko de lurer på. Det vil vere fleire barn og foreldre på tilvenning i avdeling på same tid, ver difor varsom med å ta opp sensitiv informasjon om personlege forhold i avdelinga både når det gjeld dykk sjølv og barnet.

Barnehagen har laga eigen rutine for Bringe og hentesituasjon, denne blir gjennomgått med dykk som foreldre i oppstartssamtalen.

Det er viktig at de har kontakt med tilsette i avdeling når de leverar ungene eller hentar dei, slik at vi veit barnet er komme eller blitt henta. Det er også viktig at de i tilvenningsperioden avtalar med tilsette når de kan gå frå barnet. Når de går må de seie hadet til barnet, å når det er gjort må de gå, sjølv om dette kan vere vanskelig. Det kan be om å få ei tilbakemelding på tlf. eller sms om korleis det går. Vi lar ikkje barnet vere utilpass over tid, vi vil ringe og be dykk komme tilbake om barnet er utrøstelig.

Overgangsobjekt som smukk, kos og anna som barnet har trygghet til er bra å ha med til barnet når dei skal starte i barnehagen. Utstyrliste vil bli gjennomgått i oppstartssamtale, elles så ligg denne på heimesida til barnehagen.

Det er ikkje naudsynt å ha alt med til første dag i barnehagen, om de er usikker på kva type klede som er gode å ha i barnehagen. Vi gjer tilpassingar dei første dagane slik at de rekk å få utstyr på plass.



Slik jobbar barnehagen med oppstart av nytt barnehageår og tilvenning:

Før opp-start Veke 32:

Alle pedagogiske leiarane er tilbake på arbeid veka før opp-start, og startar arbeide med å førebu tilvenningsperioden, både for dei som er i nye grupper og dei som startar nye.

Pedagogisk leiar tek kontakt med foreldre for å avtale tid for oppmøte i veke 32, er det fleire pedagogar som har ansvar koordinerar ein slik at det vert ei jamn fordeling på for- og ettermiddag.

Oppdatering av plakat med oversikt av personal i våtgarderobe!

Tilvenning for 1-åringen:

Om det er bra for 1-åringen å starte i barnehage er det delte meiningar om hos ein del fagfolk, dette kan ein høyre uttalt i media ved enkelte høve. Dei fleste 1-åringar startar i barnehage slik samfunnet er i Norge i dag, noko vi i barnehage må ta på alvor og lage eit tryggast mogeleg miljø. Dette gjer at vi har ei tilvenningsperioden i barnehagen for dei minste som gjeld for heile haustterminen, og lenger om det kjem nye barn til gruppa. Denne tida skal nyttast til å bli trygg i omgjevningane, saman med dei andre ungane og ikkje minst trygg hos dei vaksne i avdelinga og seinare kuba.

Veke 1:

Vi lagar eiga vaktliste for tilsette i kube 1 denne veka.

Dag 1:

Foreldre må fylle ut skjema for Opplysning og helseerklæring denne dagen.

Dei som skal arbeide med årskullet som startar opp på hausten (1 åringen), startar alle kl. 08.00 dag 1 i tilvenningsperioden.

Barna startar opp på to tider, den første gruppa kl. 09.00, den andre gruppa etter kl. 11.30. Det er ikkje noko problem at dei kan møte opp heilt fram til kl 14.30, om barnet deira har ei lengre soveøkt rundt lunsjtider.

Timen før dei første ungane kjem kan ein nytte til å gjere klar avdelinga om det er noko ein ikkje har rukket i oppstartveka. Det kan vere vi må hjelpe gruppa som har 2 åringane slik at dei blir klar med det meste på frukosten til kl. blir 09.00. I tillegg er det nyttig at ein går i gjennom listene med barn som skal starte i barnehagen, særleg for dei som har første arbeidsveka si etter ferien.

Kl. 11.00 til 11.30 Evalueringssmøte etter første økt med tilvenning.

Kl. 15.00 til kl 15.30 Evalueringssmøte etter andre økt med tilvenning, om de har tid til det.

Avtal tider med foreldre for oppmøte Dag 2.

Dag 2:

Dei som har 1-åringane kjem kl. 08.00, evalueringsmøte kl 08.00 til kl. 08.30 om det ikkje var tid på ettermiddagen dag 1. Tilbakemelding til alle i gruppa om det er opplysningar om barna som alle må ha informasjon om.

Avtal tid for oppmøte på Dag 3 ut frå korleis tilvenning utviklar seg for det enkelte barn.

Begynne å avtale tider for oppstartssamtalar.

Dag 3:

Dei som jobbar med dei yngste skal vere i begge endar av dagen, to møter tidleg og 1 møter seint eller 2-2 om ein er 4. Tilsette frå avdeling 1 har T1 vakt og S2, avdeling 2 har T2 og S1.

Pedagogisk leiar avtalar tider for oppstartssamtale.

Dag 4 og 5:

Dei som jobbar med dei yngste skal vere i begge endar av dagen, to møter tidleg og 1 møter seint eller 2-2 om ein er 4. Tilsette frå avdeling 1 har T1 vakt og S2, avdeling 2 har T2 og S1.

Ein må vere flinke til å ta 2 åringane med over i avdeling 2 etter kvart som dei har ete av omsyn til dei nye barna.

Veke 2:

Eiga tilvenningsvaktliste, 1 tidlegvakt frå kvar avdeling (avdeling 1 og 2) og tilsvarande på ettermiddag. Det skal alltid vere nokon som er kjende for barna i avdeling 1 og 2 i avdelingane gjennom heile dagen. Dette er viktig at ein tenkjer på under pauseavvikling.

Veke 3 og fram til planleggingsdagen på hausten (medio September):

Tilpassa vaktliste som passar slik at barn møter kjende tilsette frå eiga avdeling i perioden fram til planleggingsdagen, kjende vaksne morgon, ettermiddag og gjennom heile dagen også under pauseavvikling.

På planleggingsdagen skal det gjerast ei fagleg vurdering på om det er behov for å vidareføre tilpassa vaktliste til Haustferien, vurderinga skal samrådst med administrasjon. Haustferien er ein av hovudferiane for tilsette i barnehagen, då vil det vere enkelte som ikkje kjem på jobb. Dette er noko vi må ha med oss i planarbeidet slik at veka fungerer best mulig for barna og dei vaksne sjølv om nokon har ferie. Slik at barna har kjend vaksne som er ein del av tilknytingshierarkiet.

Frukost Dag 1, 2 og 3:

Et frukost i den avdelinga frukost skal gå føre seg i kvar kube. Viktig at ein etter frukost er flink til å ta med 2åringane over til avdeling 2 etter kvart som dei er ferdige å ete.

2 åringen skal ha eigen enkel plan for tilvenningsperioden. Opplegg skal gå tilnærma normalt og dagsrytma skal haldast, samstundes som ein får gjort ei god tilvenning for nye barn og tilpassingar til den nye gruppesamansetninga.

Vi startar med grupper på tvers i kube 1 etter nyttår, om gruppene har vore stabile.

Vurdering av oppstart av grupper på tvers gjerast i samråd med administrasjon.



Tilvenning 2-åringane, dei som går andre året i barnehagen:

Mange av 2-åringane har gått i barnehage tidlegare eller er på 2 året sitt i barnehagen. Alle grupper treng likevel ein innkøyringsperiode etter sommarferien, sidan det har komme nye barn til i barnehagen. Tilsette kan ha bytta grupper og gruppene kan ha bytta avdelingsrom.

2 åringar som har sin første dag i barnehage må ein sette av god tid til, dei vi komme til ei etablert gruppe, men dei vil få 2 kontaktpersonar som føl dei opp. Vidare vil vi legge opp til at dei deltek i mindre grupper den første tida dei går i barnehagen, og det er ekstra vaksne tilgjengelig ved oppstarten. Vaktlister må tilpassast, slik at kontaktpersonane går i kvar sin ende dei vekene som er naudsynt for å trygge barnet.

Tilvenning gjennom året:

Når ein får barn på tilvenning gjennom året, må ein sette av god tid. Alle skal ha 2 kontaktpersonar slik at det kan vere ein dei kjenner gjennom heile dagen, vaktliste må tilpassast slik at kontaktpersonane går i kvar sin ende. To til tre veker, alt etter kor godt det går med tilvenninga.



Primærkontakt eller trygg tilknytning?

Mange fagfolk snakkar om primærkontakt til barn når barnet startar i barnehage, primærkontakt er ein tilsett som foreldre og barn får presentert som sin første kontakt. Denne skal følge barnet og foreldra i oppstarten, og barnet dei første vekene. Dette kan høyrest vel og bra ut, men ein tilsett klarar ikkje å dekkje alle tider på dagen og vil ikkje kunne vere til stades både når barnet blir levert og henta.

Hos oss får barna 2 til 3 tilknytingspersonar, av dei som arbeider mest i aldersgruppa. For 1-åringen vil det vere dei tre til fire tilsette som skal arbeide i avdelinga/med gruppa fram til nytt år, som er kontaktpersonar. Vidare er det slik at pedagogisk leiar har eit fagleg ansvar, og ansvar for å følge opp barnet si utvikling, gjennomføre foreldresamtalar og har ansvar for å dokumentere den faglege vurderingar. Noko som gjer at pedagogisk leiar har eit primært ansvar for barna han er sett som pedagogkontakt til, og må kjenne alle «sine» barn.

Relasjonar mellom menneske er styrt av emosjonar og indre arbeidsmodellar som utvikla seg som resultat av erfaringar vi får i samspel med andre menneske. Enkelt kan vi seie at barn uttrykker kjensletrykk og får respons ho sine omsorgspersonar, opplever dei at ubehag blir omgjort til vel behag vil dei bruke same kjensletrykk på nytt for å få respons. Utrykka vil bli tydligare og tydligare om denne «dansen» mellom uttrykk og respons går føre seg som ei veksling mellom barnet (sendar)-omsorgsperson (mottakar) og/eller omvendt, det vil skape ein harmoni som gjev gode opplevingar mellom barn og omsorgspersonane å gjere at barnet blir trygt tilknytt. Ut frå erfaringane vi gjer oss dei første dagane i tilvenning vil vi velje ut kven tilsette som skal ha eit ekstra ansvar for å følge opp dei ulike barna ut frå barna sine behov for trygging og tilsette sin kompetanse/ferdigheiter.

Alle barn dannar eit tilknytningshierarki, det vil seie ei organisering av personar som barnet kjenner og er trygg på. Den/dei som er øvst er mor og far, eller andre som har dagleg omsorg for barnet. Det er den barnet vil føretrekke og søkje til for trøst osv. Lenger ned på kjeden vil andre i familien sitt nettverk vere, til dømes besteforeldre eller andre som barnet kjenner.

Når barnet etter kvart er trygg i barnehagen, vil personalet også vere ein del av denne kjeda. Når mor/far ikkje er til stades, vil barnet søke til nokon lenger nede i tilknytningshierakiet sitt når det treng vaksenkontakt, trøst eller kos.

I starten av tilvenningsperioden vert barnet kjend med 2-3 personar, som blir viktige for at barnet skal vere trygg i barnehagen. Etter kvart vil vi kjede på fleire vaksne. I kvar kube jobbar 6-8 vaksne, og barnet vil etter kvart møte alle desse og bli gradvis trygg på å vere med dei. Dette gjer barnet mindre sårbart når dei næraste vaksne er vekke, til dømes ved ferieavvikling og anna fråvær. Vi prioriterar kjende vikarar til dei yngste gruppene.